



Marte Hustveit Hauge

Dato: 07.03.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/10130-8

Tildeling av oppdrag NDLA - Språktjenester minikonkurranse 1 – norsk

Vi viser til minikonkurranse på levering av språktjenester til NDLA, i følgjande fag/redaksjonar:

- Yrkesprogrammet Service og samferdsel
- Programfaget Biologi 1
- Matematikkfagene
- Kokk og servitør vg 2
- Elektrofag vg 1
- På nett-redaksjonen

Amesto Translations AS og Semantix AS inngav tilbud på alle seks pakkane. Arkitekt AS inngav tilbud på pakke a og pakke e.

I evalueringa av tilboda er det, som oppgjeve i rammeavtalen, lagt lik vekt på pris, aktuelle ressurspersonar si kjennskap til fagområdet og leveringstid.

Vi er etter evalueringa kome til at oppdrag innanfor dei ulike faga/redaksjonane skal fordelast som følgjer:

Fag/redaksjon	Vinnande leverandør
a. Yrkesprogrammet Service og samferdsel	Arkitekt AS
b. Programfaget Biologi 1	Semantix AS
c. Matematikkfagene	Amesto Translations AS
d. Kokk og servitør vg 2	Semantix AS
e. Elektrofag vg 1	Amesto Translations AS
f. På nett-redaksjonen	Amesto Translations AS

Vi vil i det følgjande kort begrunne tildelinga.

Pris:

I evalueringa vart prisane og karakterane frå evalueringa av rammeavtalane nytta. Det vil seie at Amesto fekk karakteren 6, Semantix karakteren 5,84 og Arkitekt karakteren 4,5.

Leveringstid:

Tilbydarane hadde tilnærma lik garantert leveringstid på eksempeloppgavene når det gjeld pakkane a til e. Alle er difor gjeve karakteren 5 på dette punktet.

Når det gjeld pakke f, hadde Amesto betre garantert leveringstid enn Semantix. Amesto har difor fått karakteren 6 på denne pakken, mens Semantix har fått karakteren 5.

Ressurspersonar si kjennskap til fagområdet:

Arkitekt tilbød under pakke a ein ressursperson som har arbeida med denne redaksjonen i fleire år, og som difor har opparbeida svært god kjennskap til fagområdet. Arkitekt fekk difor karakteren 6 på denne

pakken. Amesto og Semantix har begge tilbode ressurspersonar med noko erfaring frå relevante fag, og får difor karakteren 4.

Semantix tilbaud under pakke b ein ressursperson som har jobba med oversetjing av 20.000 artsbeskrivelser innan biologi, og i tillegg har oversett medisinske tekstar, og får karakteren 4. Amesto har tilbydd ein ressursperson som og har erfaring med oversetjing av medisinske tekstar/oppgåver, og får karakteren 3.

Når det gjeld pakke c har både Amesto og Semantix tilbydd ressurspersonar som har noko relevant erfaring med oversetjing innan matematikk. Erfaringa er vurdert å vere like sterk, og begge har difor fått karakteren 4.

Semantix tilbaud under pakke d ein ressursperson som har erfaring med oversetjing av dokument innan faget Kokk- og servitørfag, i tillegg til erfaring med matrelaterte oppdrag for andre kunder, og har fått karakteren 4. Amesto tilbaud ein ressursperson utan konkret relevant erfaring, og ein sekundærressurs som har vore medforfattar på lærebøker innan hotell- og næringsmiddelfag. Amesto har fått karakteren 3.

Når det gjeld pakke e har alle tre tilbydarar tilbydd ressurspersonar med erfaring som er noko relevant for faget. Kjennskapen til fagområdet er vurdert å vere lik for alle tre ressurspersonane, og alle er gjeve karakteren 3.

For På-nett-redaksjonen har Amesto tilbydd ein ressursperson med generelt særst brei erfaring, og konkret erfaring med oversetjing av oppgåver i matematikk, medisinske tekstar og skulebøker til vidaregåande skule. Semantix har ikkje oppgjeve ein konkret ressursperson. Amesto får difor best karakter på pakke f.

Dei aktuelle redaksjonane i NDLA vil snarleg ta kontakt med dykk for å avtale oppstart av arbeidet. Til informasjon vil det frå hausten 2014 starte opp arbeid med ei rekkje nye fag, der det vil vere behov for språktenester. De vil bli kontakta når ein ny minikonkurranse er klar.

Trond Amundsen
Innkjøpsjef

Marte Hustveit Hauge
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Vanja.Stake@semantix.no
Astrid.Aune@semantix.no
Vidar Lynghammar
Bjørn Ove Aspren

Vedlegg

- 1 Tildelingsbrev minikonkurransar
- 2 image001